

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Sjukehusapoteka Vest HF

DATO: 01.06.2022
FRÅ : Administrerende direktør Jon Bolstad
SAKA GJELD: **Årleg gjennomgang av styrande dokument
i Sjukehusapoteka Vest HF**

ARKIVSAK: 2021/781
STYRESAK: 15/22

STYREMØTE: 08.06.2022

FORSLAG TIL VEDTAK

Styret er kjent med og tek til etterretning følgjande dokument:

- Vedtekter for Sjukehusapoteka Vest HF
- Rettleiaren «Styrearbeid i helseføretak»
- Retningslinjer for lønn og annen godtgjørelse til ledende ansatte i foretak og selskaper med statlig eierandel
- Styreinstruks for Sjukehusapoteka Vest HF
- Instruks for administrerende direktør i Sjukehusapoteka Vest HF
- SAV Styringsmodell
- Styrande dokument til Fullmaktsmatrise
- Fullmaktsmatrise
- Arkivplan for Sjukehusapoteka Vest HF
- Etiske retningslinjer for føretaksgruppa i Helse Vest
- Konsept for intern kontroll i Helse Vest

Oppsummering

Styret har etablert ein praksis med å få seg førelagt styrande dokument ein gong årleg. Tanken er å sikre god kunnskap og oversikt samstundes som det legg til rette for at ein jamleg kan fange opp om det er naudsynt med endringar eller tilpassingar i dei gjeldande styrande dokumenta.

I tråd med føringar frå styret i Sjukehusapoteka Vest vert det berre lagt fram dokument kor det har vore endringar siste året. ⁱ For Sjukehusapoteka Vest gjeld dette:

Varslingsrutiner

- Er oppdatert i tråd med endring i Arbeidsmiljølova (frå 01.07.2021 skal Diskrimineringsnemnda handtere påstandar om gjengjelding etter varsling).
- Det er ikkje innhaldsmessige endringar, berre justeringar i tråd med endringar i arbeidsmiljølova i 2020 og litt på utforming og språk.
- Varslingsrutinane er felles for alle føretaka og omfattar alle medarbeidarar.

Uprinta vedlegg

1. Styresak 013/22 frå Helse Vest styremøte 15.02.2022

Vedtekter for Sjukehusapoteka Vest HF

- I styremøte i Helse Vest RHF 15.02.2022 vart det behandla sak om endring av vedtektene §15 som oppfølging av same endring i Helse Vest RHF sine vedtekter (vedteke i føretaksmøte for Helse Vest RHF 10.01.2022)
- Endringa gjeld første rekke omsetting av vedtektene til nynorsk. I tillegg vart det gjort ein gjennomgang for å sikre at vedtektene er i samsvar med gjeldande praksis for styring og oppfølging av helseføretaka.

Vedlegg

2. Brev av 16.02.2022 frå Helse Vest RHF
3. Vedtekter for Sjukehusapoteka Vest HF

Administrasjonen kan elles ikkje sjå at det er gjort endringar i lovverket eller styringsbodskapen som skulle tilseie at det er behov for ytterlegare revisjon av andre av Sjukehusapoteka Vest sine styrande dokument.

Fakta

Styret har etablert ein praksis med å få seg førelagt styrande dokument ein gong årleg. Tanken er å sikre god kunnskap og oversikt samstundes som det legg til rette for at ein jamleg kan fange opp om det er naudsynt med endringar eller tilpassingar i dei gjeldande styrande dokumenta.

Det er lova om helseføretak saman med anna lovverk knytt opp mot helsetenester og apotek , som utgjer det overordna rammeverket for sjukehusapotek i spesialisthelsetenesta.

Styrande dokument i Sjukehusapoteka Vest HF er:

1. Vedtekter for Sjukehusapoteka Vest HF
2. Rettleiaren «Styrearbeid i helseføretak»
3. Retningslinjer for lønn og annen godtgjørelse til ledende ansatte i foretak og selskaper med statlig eierandel
4. Styreinstruks for Sjukehusapoteka Vest HF
5. Instruks for administrerende direktør i Sjukehusapoteka Vest HF
6. SAV Styringsmodell
7. Styrande dokument til Fullmaktsmatrise
8. *Fullmaktsmatrise*
9. Arkivplan for Sjukehusapoteka Vest HF m/vedlegg
10. Etske retningslinjer for føretaksgruppa i Helse Vest
11. Konsept for intern kontroll i Helse Vest
12. Rutiner for varsling

Kommentarar

Fleire av dei ovanfor nemnde styrande dokument er fastlagd av eigar eller i eit samarbeid med eigar/andre føretak i regionen, og er difor i mindre grad mogeleg for styre å einsidig endre, men dei kan påverkast med innspel/ på førespurnad.

Administrasjonen kan ikkje sjå at det er gjort endringar i lovverket eller styringsbodskapen som skulle tilseie at det er behov for revisjon av andre av Sjukehusapoteka Vest sine styrande dokument enn det som er nemnt i saka.

Konklusjon

Med bakgrunn i utgreiinga ovanfor anbefaler administrasjonen at styret vedtek vidareføring av dei framlagde dokumenta.

ⁱ Nye styremedlemmer i 2022 og 1. vara tilsett representant har fått tilsendt alle styrande dokument.